



RÅDSMEDLEMMENE OG RÅDMANNSFORUM

INNKALLING TIL MØTE I HARDANGERRÅDET

Dato: Torsdag 24.10.2019

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Litteraturhuset, Smelteverkstomta Odda

Møteplanen for Hardangerrådet godkjent 13.09.2018 gjeld som møteinnkalling.

Agenda:

09.00 – 11.00 Sakshandsaming

11.00 – 12.00 Orienteringar:

Norsk kulturarv v/ direktør Erik Lillebråten

Bu museum - status v/ Randi Bårtvedt

12.00 – 12.45 Lunsj

12.45 – 13.15 POSS - Toalettløsning for Hardanger? v/ Per Olav Opedal

13.15 – 15.00 Sakshandsaming

Saker til handsaming:

HR-sak 40/19 Saker innmeldte ved starten av møtet.

Vert tatt opp under sak 46/19.

HR-sak 41/19 Meldingar

HR-sak 42/19 Møteplan for Hardangerrådet 2020.

HR-sak 43/19 Godkjenning av avtale medfinansiering for kontrakt
"Snøggått Skyss - Turistrute Hardanger - Skyss 19/02"

HR-sak 44/19 Deltaking i felles prosess for utforming av avtalar mellom
regionråda i Vestland fylke og Vestland fylkeskommune

HR-sak 45/19 Møteplan og prosess for utforming av strategiplan for
Hardangerrådet etter 2020.

HR-sak 46/19 Orientering- og drøftingssaker.

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 17. oktober 2019

Hans Petter Thorbjørnsen/s
Rådsordførar

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar



 Hardangerrådet iks		
Saksbeh:	Kopi til:	
26 SEPT 2019		
Saksnr.	Dok.nr.:	Øpennr.:
Videres.til:	Arkivkode:	Li.off.S

Hardangerrådet
Pb. 78
5782 KINSARVIK

Dykkar ref.: **Vår ref.:** 17/240-4 **Arkivkode:** K1 - 614, K3 - &52 **Dato:** 24.09.2019

Ang. rettslokale på Lofthus

Det vert vist til brev av 29.9.2017 ang økonomisk støtte til leige av rettslokale på Lofthus.

Granvin heradsstyret gjorde fylgjande vedtak i sak 15/17:


Granvin heradsstyre støttar Hardangerrådet sitt vedtak i sak 15/17 Leigeavtale for rettslokale på Lofthus, under føresetnad av at Granvin herad kan tre ut av avtalen i 2020.

Me vil gjere minne om at Granvin herad slår seg saman med Voss kommune frå 2020, og at ei eventuell vidareføring av samarbeidet må skje i regi av Voss herad.

Med helsing

Trude Hoflandsdal Letnes
Rådmann
Telefonnummer: 41679533





Møtedato 24.10.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 42/19 Møteplan for Hardangerrådet 2020.

Saksvedlegg:

Saksutgreiing:

Denne saka vart teken opp i regionrådsmøtet 16.09.2019, men vart vedteken utsett til dette møtet då det var behov for å avklara møtedagar for faste politiske møter i Voss herad og Ullensvang kommune i 2020.

Hardangerrådet har bestemt at ein skal tidleg ut med møteplanen for å unngå at kommunane og andre set opp møta sine på same datoar. Det er mange omsyn som skal tilpassast med 5 kommunar/herad, Hordaland fylkeskommune med fleire. Kommunane i Hardanger har godkjent at Hardangerrådet har sine fellesmøte på torsdagar og fredagar. Med ein så tidleg fastsett møteplan kan også Ullensvang kommune som vil ha sine møter om torsdagane, unngå møtekollisjonar.

Skuleruteferien er slik:

Vinterferie	Veke 8/9	17/02 - 28/02
Påske	Veke 15/16	06/04 - 13/04
Pinse	Veke 22	31/05 - 01/06
Sommarferie	Veke 25/34	22/06 - 17/08
Hautferie	Veke 40/41	28/09 - 09/10
Jolaferie	Veke 52/01	22/12 - 04/01

Vurdering:

Me har stort sett fulgt malen frå i dette året. Det vert 4 ordinære møte + Hardingtinget i vårhalvåret pluss 3 ordinære møte i hausthalvåret pluss Hardangerkonferansen 2020. Det er i utkast til møteplan ikkje teke stilling kvar møta skal haldast.



Møtedato 24.10.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

**HR-sak 43/19 Godkjenning av avtale medfinansiering for kontrakt
"Snøggbåt Skyss - Turistrute Hardanger - Skyss 19/02"**

Saksvedlegg:

Avtaleutkast for medfinansiering for kontrakt "Snøggbåt Skyss - Turistrute Hardanger"

Saksutgreiing:

Hardangerrådet gjorde i møtet 16.09.2019 slikt vedtak i sak 36/19:

HR-sak 36/19 Spleiselag for Turistbåtruta på Hardangerfjorden
Reiselivsnæringa bør utfordrast til å bidra i spleiselaget.

Vedtak:

For året 2020 vert fordelinga slik:

<i>Hardangerrådet</i>	<i>150.000</i>
<i>Eidfjord kommune</i>	<i>150.000</i>
<i>Ullensvang kommune</i>	<i>100.000</i>
<i>Kvam herad</i>	<i>50.000</i>
<i>Ulvik herad</i>	<i><u>50.000</u></i>
	<i>500.000</i>

Administrasjonen tek kontakt med reiselivsorganisasjonar/verksemder med oppmoding om deltaking i spleiselaget. Bidrag frå næringslivsaktørar vil gå til frådrag på Hardangerrådet sin andel.

Hardangerrådet har no fått oversendt avtaleutkast som formelt stadfester denne medfinansieringa. Sjå vedlegg.

Vi føreset at dei aktuelle kommunane har innarbeidd sin andel i budsjett for 2020.

Som det går fram av avtaleutkastet skal den årlege summen innbetalast pr. august.

Hardangerrådet må i innan 1. halvår 2020 gjera vedtak om fordelinga av det årlege beløpet som skal innbetalast til Skyss for åra 2021 - 2024. Dette er naudsynt for at kvar kommune skal kunne innarbeida summen i sitt budsjett.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet godkjenner avtale for medfinansiering for kontrakt "Snøggbåt Skyss - Turistrute Hardanger"



Avtale

Avtalen gjeld:

MEDFINANSIERING FOR KONTRAKT
«Snøggbåt Skyss - Turistrute Hardanger – SKYSS 19/02»

Kontrakt mellom:

Skyss

Hardangerrådet

For Skyss:

For Hardangerrådet:

<hr/> Direktør Skyss		<hr/>
-------------------------	--	-------

Det er skriven ut 2-to eksemplar av denne kontrakten. Skyss og Leverandør har kvar motteke 1-eitt eksemplar.

1 GENERELT

Denne gjeld avtalen Hardangerrådet sin andel av utgiftene til kjøp av Turistrute Hardanger.

2 BAKGRUNN OG FORMÅLET MED KONTRAKTEN

Hardangerrådet har forplikta seg til å bidra til finansiering av Turistruta i Hardanger

Denne avtalen regulerer Hardangerrådet sine betalingsforpliktingar overfor Fylkeskommunen.

3 AVTALEN GJELD I TIDSROMMET

Denne avtala gjeld i så lenge kontrakt - Turistrute Hardanger - SKYSS 19/02, gjeld.

Det fyljer av Kontrakten pkt. 3 at denne gjeld frå oppstart 1. juli 2019 til og med 31. oktober 2024. Oppdragsgjevar har etter dette opsjon på å forlengje kontrakten med ytterlegare 1+1 år.

Første kontraktår skal drift vere frå 1. mai 2020 og i 4-fire månader til 30.09.2020.

Frå 2021, inkludert opsjonsåra, skal Operatør drifte sambandet i 6-seks månader i perioden 01.04 – 31.10.

4 AVTALT ÅRLEG TILSKOTT FRÅ HARDANGERRÅDET

Avtala årleg tilskott til drift av turistruta er kr 500 000.

5 BETALINGSVILKÅR

Hardangerrådet sitt årlege tilskott vert fakturert i juli kvart år, første gong pr. juli 2020.

Det skal ikkje bereknast noko form for gebyr eller tillegg. Eventuell forseinkingsrente vert berekna i samsvar med lov om forseinkingsrente.

Betalingsfrist vil vere 30 dagar.

6 TILGONG TIL KAIAR


Det er lagt inn som føresetnad i kontrakt Turistrute Hardanger at kaiar, samt vente- og toalettfasilitetar som inngår i oppdraget vert stilt til fri disposisjon for operatøren. Hardangerrådet forpliktar seg til å bidra til at dette kan gjennomførast.

7 PARTANE SINE KONTAKTPERSONAR

Førespurnader som har med denne avtalen å gjere, skal sendas til følgjande:

Kontaktperson Skyss:	Bjørn Erik Linde
Adresse:	Postboks 7900, 5020 Bergen
Telefon:	55 23 95 50
E-post:	bel@skyss.no
Organisasjonsnummer:	992 051 825 mva.

Kontaktperson Hardangerrådet:	
Adresse:	
Telefon:	
E-post:	
Organisasjonsnummer:	



Møtedato 24.10.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 44/19 Deltaking i felles prosess for utforming av avtalar mellom regionråda i Vestland fylke og Vestland fylkeskommune

Saksvedlegg:

Notat til regionråda.

Saksutgreiing:

Regionråda i Sogn og Fjordane og Hordaland var i februar 2019 inviterte til eit dialogseminar i Førde for å drøfta utvikling av regionråda i det nye Vestland fylke.

De var i dette seminaret stor semje om at regionråda bør ha ei sentral rolle i utviklinga av det nye fylket. Samhandlinga mellom fylkeskommunen og regionråda bør harmoniserast og byggjast i ein samordna prosess.

Dei einskilde regionråd vil og bør vera ulike og tilpassa regionale ønskjer og behov kva gjeld oppgåver og prioriteringar innanfor det enkelte regionråd.

Denne fellesprosessen vil ha fokus på avtalar og samhandling mellom fylkeskommunen og regionråda.

Notatet gjer greie for korleis ein ser føre seg ein vidare prosess og det er bede om ei tilbakemelding frå kvart regionråd innan 10. november om ein ønskjer å delta i ein slik fellesprosess.

Dersom tilbakemeldingane er positive vil det verta teke initiativ til eit nytt dialogseminar tidleg i 2020 for å vidareføra prosessen for utvikling av regionråda i Vestland fylke. Til eit nytt dialogseminar vil også Bergen kommune verta invitert på lik linje med dei eksisterande regionråda.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet er positive til å delta i ein fellesprosess for utvikling av samhandling mellom regionråda og Vestland fylkeskommune.

REGIONRÅD I VESTLAND FYLKE I FRAMTIDA – BAKTEPPE OG EIN MOGELEG MODELL

1.1. Utfordringsbilde og ein hypotese

Som følgje av kommunereforma vil talet på kommunar i dagens Hordaland og Sogn og Fjordane vil endre seg frå 59 til 43 i det nye Vestland fylke.

Spriket mellom dei få store og dei mange små kommunane aukar med dette kraftig og kommunestrukturen blir langt meir variera. Samstundes fører regionreforma til at dei fleste fylka blir slått saman. Dette vil naturleg nok òg ha følgjer for regionråda.

Det er òg ein demokratisk dimensjon her som kan vere verdt å ta med seg. Det eine er utfordringa med å ta ut saker frå det enkelte kommunestyre og handsame dei i eit for noko meir lukka regionråd. Men på den andre sida kan eit nytt, stort Vestland fylke òg vere med å sikre demokrati og medverknad gjennom ei revitalisering av nettopp regionråda. Ei utfordring vert då kva som skal vera den regionale rolla for dei kommunane som idag ikkje er medlemmer av eit regionråd.

Ein hypotese er at dagens regionråd etter 2020 blir for små for politikktøving og samarbeid omkring tenester. Det siste peiker tilbake på at dagens fylkeskommune er sterkt endra og at fylkeskommunen treng tydelege og regionale partnerar for å lukkast i det nye fylket. Dette notatet er derfor skreve som ein argumentasjon for større og meir robuste regionråd - både politisk og administrativt. Samstundes må regionråda vere tilpassa bu- og arbeidsmarknadsregionen (BA-region). Det vil vera avgjerande at det etablerast langt tettare partnerskapsavtalar med Vestland fylke for å kunne spele ei sterk regional rolle i framtida. Interessehevding – altså politikktutvikling – vil kunne vere den viktigaste rolla for eit stort og nytt regionråd.

1.2. Målet med notatet

Målet er å kunne gi regionråda eit betre grunnlag for å bestemme vegen vidare med omsyn til oppgåver og rolle. Dette er igjen naudsynt for å vite kva modell ein vel framover med omsyn til storleik, kapasitet og geografisk inndeling.

Ein kan sjå føre seg fleire modellar basert på oppgåver og rolle. I tillegg må ein vurderer styrken eit regionråd treng med omsyn til geografisk storleik, administrasjon og økonomi, og partnerskapsavtalar.

1.3. Føremål, rolle, mål og styrke

Samla sett kan vi seie at den regionale utviklingsrolla har blitt viktigare og meir tydeleg for regionråda i den seinare tid. Men regionråda er òg opptekne av føremålet som eit samarbeidsorgan og kontaktpunkt mot sentrale myndigheitsorgan. Samstundes ønskjer råda å finne si naturlege avgrensing med omsyn til bu- og arbeidsregionen.

Det er utarbeidd ein eigen rapport om regionråda på oppdrag av kommunal- og moderniseringsdepartementet ([NIVI Rapport 2018:3](#)). Rapporten kan samanfattast slik:

- Dei fleste regionråd vert vidareført som generalistorgan for samarbeid om både tenesteproduksjon og samfunnsutvikling
- Den regionale utviklingsrollen vert gitt høgare prioritet og ser ut til å vere avgjerande for nyetablering av regionråd. Moderne regionråd framstår som nært kopla til areal- og transportplanlegging, strategisk næringsplan, interkommunalt næringsapparat, samordning av planprosesser og avtalebasert opptreden i forhold til fylkeskommunen og/eller statlige aktørar.
- Det er ein trend mot intern todeling av regionrådene sine roller. Politikarane og den politiske organiseringa orienterer seg mot rollen som samfunnsutviklar, mens rådmennene og kommuneadministrasjonane får eit tyngre ansvar for å utvikle samarbeidet om administrasjon og tenester.
- Nokre regionråd står utanfor dei dynamiske prosessane knytta til dei regionale utviklingsoppgåver og nye former for samarbeid om tenesteproduksjon. I deler av landet vert det observert ein regional dagsorden prega av lokal konkurranse og usemje om roller, ofte kombinert med at kommunane opplever mangel på kapasitet og kompetanse til å ivareta utviklingsoppgåver. Ein del av bildet er òg at dei regionale aktørane opptrer lite samordna overfor kommunane og deira viktigaste samarbeidsarenaer. Resultatet er store regionale ulikskaper i innovasjonsressursar og verkemidlar for innovasjon og omstilling i kommunane.

Eit viktig spørsmål er kva ambisjon og rolle regionråda ønskjer å ta framover. Men òg om kapasitet med omsyn til medlemskommunar, storleik på administrasjon og budsjett, og type og mengde avtaler (partnarskap) ein har etablert med andre strategiske partar. Det finst ein kjent statsteori som seier noko om styrken på statsdanningar ved bruk av omgrepa «*voice, exit og lojalitet*». Den handlar om kor sterkt stemme ein vil ha inn mot sentrale styresmakter og aktørar, graden av indre lojalitet, og utfordringa med å melde seg ut (exit). Til sterkare stemme, indre lojalitet og forholdet «oss og dei», til sterkare blir regionråda. Denne teorien kan òg nyttast på regionråda.

2. Drøfting av roller og sentrale dimensjonar

Under er ein modell som viser roller og oppgåver fordelt på ulike storleikar. Den forsøker å få fram kva ein vil særleg vekte basert kva overordna mål regionrådet set seg.

	Sterk verdi	Middels verdi	Svak verdi
Regional utviklingsrolle			
Interessehevdar			
Tenesterolle			
Demokrati og meverknad			
Kapasitet			
Storleik/geografi			

Partnerskap			
BA-region			

2.1. Regional utviklingsrolle

Fylkeskommunen si nye rolle som regional utviklingsaktør frå 2020 då spesialhelsetenesta vart organisert som statlege føretak, er erstatta med samfunnsutviklarrolla. Med regionreforma er denne rolla ytterlegare forsterka. Samstundes vil ein med større og færre fylkeskommunar skape auka avstand til det lokale nivået. Det kan gjere det naudsynt for kommunane og regionane å ta denne demokratiske rolla meir alvorleg. Men like viktig gir det muligheter for kommunane, gjennom regionråda, å ta rolla som regional samfunnsutviklar sjølve. Dette følgjer òg av at fylkeskommunane berre i varierende grad har makta å ta denne rolla.

Vestland fylkeskommune har vedteke m.a. desse hovudmåla:

- **Hovudmål 1 –Sterkare demokrati gjennom ein ny folkevald region**
- **Hovudmål 2 –Framtidsretta samfunnsutvikling på Vestlandet**
- **Hovudmål 6 –Berekräftig forvaltning av samla ressursar**

Samfunnsutviklarrolla til regionråda må forsterkast gjennom auka samhandling med Vestland fylkeskommune - det er idag stort samsvar mellom oppdrag og vedtekter for regionråda og den nye fylkeskommunen sine strategiplanar.

Den regionale utviklarrolla handlar i stor grad om areal- og transportplanlegging, strategisk næringsplanlegging, interkommunalt næringsapparat, samordning av planprosessar, klima og miljøtsatsingar, og avtalebasert samarbeid med fylkeskommunen og/eller statlege aktørar. For at denne rolla skal gi meining er ein heilt avhengig av ein formalisert avtale med fylkeskommunen. Den er svak i dag både i Hordaland og Sogn og Fjordane. Det må vi sikre langt betre i framtida. Sett på spissen er det funksjonelle by- og kommuneregionar som skal utviklast, ikkje store fylke. Ei særleg utfordring er tilhøve mellom regionråda og nærings- og utviklingselskapa.

Tilråding:

Det må inngåast forplikande partnerskapsavtale med Vestland fylkeskommune. I tillegg kan det vere ønskjeleg å inngå tilsvarande avtale med andre regionale institusjonar som Helse Vest, HVL, KS, NHO og LO. Regionrådet må etablere og drive møteplassar og arenaer på fleire nivå. Det må skillast godt mellom rollene til nærings- og utviklarselskapa og regionråda.

2.2. Rolla som interessehevdar

Rolla som interessehevdar (stemme) er genuint politisk og noko politikarane er særleg opptekne av. Det er heilt avgjerande at det vert etablert gode arenaer for politikk og utvikling og at ein deltek på sentrale møtepunkt utanfor regionen, fortrinnsvis Bergen og Oslo. Men også her vil ein partnerskapsavtale med nye Vestland fylkeskommune vere sentral.

Interessehevdning omhandlar gjerne spørsmål knytt til infrastruktur (vegar, bruer, rassikring, offentlig transport), stateleg arbeidsplassar, utdanning og forskning, for å nemne nokre område. Men framfor handlar om styrke. Skal ein ha styrke, må ein ha flest mogeleg med seg. Det får ein ved å etablere gode partnerskap med regionale offentlege institusjonar som fylkeskommune, LO, NHO, KS, og private aktørar frå nærings- og samfunnslivet elles. Men det handlar òg like mykje om storleiken og styrken på regionråda. Det vil seie kor mange kommunar og innbyggjarar er ein interessehevdar på vegne av.

Interessehevdning – altså politikktutvikling – vil vere den viktigaste rolla for eit stort og meir robust regionråd. Det er samstundes viktig å konsentrere seg om få, men store saker å engasjere seg i framfor mange og mindre viktige saker. Det er då ein når fram og kan vise styrke.

Tilråding:

Interessehevdning – altså politikktutvikling – vil vere den viktigaste rolla for eit stort og nytt regionråd. Med færre og større fylkeskommunar vil regionråda i større grad ta over den ombodsrolla fylkeskommunane har hatt som politisk interessehevdar for regionen. Samstundes er må ein vurdere å etablere større regionråd og sikre avtalebaserte samarbeid i regionen.

2.3. Initiere og samordne interkommunalt samarbeid (tenesterolle)

Dette er ei viktig rolle. I dag har vi fleire fagnettverk, dei er aktive og det er naturleg å halde fram med desse. Dette gjeld t.d. innan opplæring, helse og sosial, næring, samfunnsplanlegging og kultur. Utfordringa er at dei fagnettverka som fylkesmannen og til dels fylkeskommunen har hatt, lett kan bli borte med at fylkesmannsembeta og fylkeskommunane vert slått saman.

Tilråding:

Det vert etablert fagnettverk innan opplæring, helse, sosial, samfunnsplanlegging og kultur. Ein bør òg vurdere om det er naudsynt med eit sterkt og aktivt fagnettverk både for sit eige område i regionrådet og som òg sikrar ei regional deltaking utover den naturlege bu- og arbeidsområdet.

2.4. Demokrati og medverknad

I dag består regionrådet av ordførarane i medlemskommunane. I mange regionråd deltek også rådmennene som observatørar med forslagsrett og høve til å delta i drøftingane. Dette synest å vera ei god ordning. Rådmennene har for sin del eigne møte i førekant av rådsmøta. Rådmannsmøta er ein viktig arena.

Det er likevel fleire sider ved sjølv samansetjinga av rådet. Dersom ein held på praksisen med at det er ordførarane i medlemskommunane som deltek, vil vi i eit større regionråd – og det kan lett bli eit regionråd med over 50 000 innbyggjarar, tilsvarande ein «halv fylkeskommune – nærme oss den tidlegare ordninga ein hadde i fylkeskommune før 1976. Då var det nemleg ordførarane som utgjorde fylkestinget.

Ei anna side ved rådssamansetjinga har med spørsmålet om demokratisk underskot og manglande politisk forankring å gjera. I den grad det er ei problemstilling vil ein kunne løyse dette med at t.d. varaordførar og /eller ein frå opposisjonen saman med ordføraren deltek på lik line i regionrådsmøta. Utfordringa her er at det kan bli eit stort råd. T.d. om det er ti deltakarkommunar i rådet vil det bli 30 deltakarar i rådet samt 10 rådmenn.

Tilråding:

Ein fortset med dagens ordning der ordførar deltek. Det er viktig at rådmennene òg deltek i regionrådsmøta med tale- og forslagsrett. Ein må kunne vurdere om det elles bør arrangerast eit møte i året der representantar frå kvar kommune deltek slik som skildra over, alternativt som felles formannskapsmøte i regi av regionrådet.

2.5. Større og sterkare regionråd

Institusjonell styrke handlar om mengde deltakarkommunar, eige budsjett og eigen administrasjon, og partnarskapsavtalar. I tillegg vil evne til å kommunisere, etablere regionale arenaer, og gjennomføringskraft vere sentrale element.

Ønskjer vi eit sterkt regionråd, må vi sikre auka arbeidskapasitet og større budsjett.

Vi har over argumentert med at skal ein spele ei større rolle regionalt i framtida, må ein vurdere å slå saman fleire regionråd. Dette er naudsynt for å konkurrere om merksemd. Ein må likevel vurdere dette opp mot det vi kan omtale som naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar (BA-regionar). Femner regionrådet i stor grad ut over naturlege (bu, arbeid og service) BAS-regionar, vil det vere uheldig.

Tilråding:

Regionråda må bli større og ein bør starte raskt med å invitere kommunar til å drøfte nye regionråd. Det vil vera ønskjeleg at ein slik prosess vert harmonisert for heile Vestland fylke. Overordna målsetjingar for regionråda må saman med regionale ønskje og tilpasningar leggjast til grunn i prosessen. Det er derfor naturleg at arbeidet vert koordinert gjennom den nye fylkeskommunen.

2.6. Bu- og arbeidsmarknadsregionar

Ei BA-region kan forståast som ein region med felles marknader for arbeidskraft og eventuelt tenester retta mot hushaldningar, der innbyggerane ikkje treng å flytte eller bruke vesentlig tid på å reise for å arbeide eller nytte seg av tenestene. Slike regionar vert òg omtala som funksjonelle regioner, der det dreier seg om samhandling i økonomisk forstand, t.d. samhandling i form av handel av varer og tenester retta mot dei andre institusjonelle sektorane, finansielle investeringar, arbeidskapital, informasjonsutvikling, og flyttemønster med meir. Det er utarbeidd ein ny analyse av BA-regionar i 2019 ([Transportøkonomisk Institutt](#)).

Tilråding:

Det er viktig å tilpasse storleiken på regionråda til BA-regionen slik at regionen utgjør ein naturleg bu- og arbeidsmarknad.

3. Korleis kan ein modell for eit nytt regionråd sjå ut?

NIVI rapporten konkluderer at det blir endå viktigare med aktive og sterke regionråd i framtida. Regionråda vil då bli bindeleddet mellom kommunane og dei nye fylka. Rapporten peiker særleg på ein treng gode og sterke regionråd for å sikre samordning omkring areal- og transportplanlegginga med Oslo.

Legg ein dette til grunn for vår region, må vi tenke regionråd som strategiske partnerskap.

Kor mange og kor store regionråd det bør vera i Vestland fylke vil avklarast gjennom den koordinerte prosessen som vi føreslår. Oppgåver som regionråda skal utføra på vegne av den nye fylkeskommunen kombinert med regionalt prioriterte oppgåver vil danna eit utgangspunkt for kva kommunar som naturleg dannar dei nye regionråda.

4. Konklusjon

Det er naturleg at regionråda framleis vil ha eit føremål om å vere eit samarbeidsorgan mellom deltakarkommunane, at dei er organisert i samsvar med kommunelova, at dei fungerer som eit konsensusorgan, slik som praksis har vore tidlegare, og at dei skal vere eit generalistorgan for samarbeid om tenesteproduksjon og samfunnsutvikling. Målsettinga må vidare vere at ein skal samarbeide om samfunns- interesse- og næringspolitikken for å skape vekst og bærekraft i regionen mellom Haugesund og Ålesund.

Med nye og større fylkeskommunar bør regionråda i større grad forsøke å etablere avtalebaserte samarbeid med fylkeskommunen om større regionalpolitisk satsingar. Rådet bør òg vere eit kontaktpunkt overfor øvrige myndighetsorgan og vere ein pådrivar for regionen.

Ein har forsøkt å vise at skal ein fortsatt ha eit regionråd, må det ha ein viss storleik og at det er trong for å styrke administrasjonen og sikre eit finansiering. Interessehevdning vil vere den viktigaste rolla for eit stort og nytt regionråd.

5. Veggen vidare

Vi tek utgangspunkt at det er eit felles ønskje at regionråda skal vera ein viktig aktør for samfunnsutviklinga i Vestland fylke. Prosessen med å byggja nye regionråd må starta no og vi ser

det som mest tenleg at den nye stabsavdelinga for Strategisk utvikling og digitalisering i Vestland fylke fasiliterer arbeidet.

Dette notatet vert sendt til alle eksisterande regionråd i Hordaland og Sogn og Fjordane samt til kommunar som idag ikkje er tilknytta regionråd.

For å gje prosessen den naudsynte politiske forankring i regionråda ber vi om tilbakemelding om regionrådet ønskjer å delta i ein felles prosess med mål om å etablera sterke, funksjonelle regionråd som samspelar med fylkeskommunen om samfunnsutviklarrolla.


Om regionråda i det nye Vestland fylke ønskjer ein koordinert prosess og vil vi ta initiativ til eit nytt dialogseminar tidleg på nyåret der alle aktuelle regionråd samt Bergen kommune vert inviterte til å drøfta plan for denne prosessen.

Vi ber derfor om ei tilbakemelding frå regionråda innan 10. november 2019.

Førde/Kinsarvik 26. september 2019

Trond Ueland
Samarbeidsforum i Sunnfjord

Jostein Eitrheim
Hardangerrådet iks



Møtedato 24.10.2019

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 45/19 Møteplan og prosess for utforming av strategiplan for Hardangerrådet etter 2020.

Saksvedlegg:

Utkast til møteplan 2020

Saksutgreiing:

Hardangerrådet gjorde i sitt møte 16.09.2019 slikt vedtak i HR-sak 34/19:

HR-sak 34/19 Plan for arbeid med utforming av strategidokument og selskapsavtale.

Vedtak:

Hardangerrådet vedtek slik tidsplan for arbeidet med utforming og godkjenning av ny selskapsavtale og strategiplan for Hardangerrådet:

<i>Arbeidsgruppe/interimsstyre:</i>	<i>Framlegging av strategiplan</i>	<i>Frist 01.06.2020</i>
<i>Styret i HR:</i>	<i>Framlegging av selskapsavtale</i>	<i>Frist 01.06.2020</i>
<i>Hardangerrådet:</i>	<i>Godkjenning av strategiplan</i>	<i>Frist 30.09.2020</i>
<i>Hardangerrådet:</i>	<i>Godkjenning av selskapsavtale</i>	<i>Frist 30.09.2020</i>
<i>Medlemskommunane:</i>	<i>Godkjenning av selskapsavtale</i>	<i>Frist 31.12.2020</i>

Dette arbeidet må organiserast etter ein vedteken møteplan og regionrådet bør drøfta kor mange møter denne arbeidsgruppa bør ha og aktuelle datoar for desse.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.